

Vedtekter for frivilligsentralane

§ 1 MÅLSETTING

Frivilligsentralane skal stimulere til auka frivillig innsats, vere ein pådrivar for frivillige tiltak og utvikle samarbeid mellom frivillige og det offentlege. Sentralane skal vere med å koordinere tiltak der det er naudsynt med samarbeid mellom det offentlege og frivillige.

§ 2 EIGAR- OG /ORGANISASJONSFORM

Eigar av frivilligsentralane er Fjord kommune. Daglege leiarar vert tilsett i Fjord kommune. Sentralane er sjølvstendige driftseiningar organisert under oppvekst og kultur. Sentralane skal vere eit supplement til eksisterande frivillig arbeid, og eit tillegg til offentleg tenesteyting.

§ 3 FORMÅL

Sentralane skal vere eit kontaktpunkt, ein møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige lag og organisasjonar og det offentlege.

Frivilligsentralane skal

- bidra til å skape eit varmare og meir inkluderande lokalsamfunn.
- vere eit bindeledd mellom personar og organisasjonar som ønskjer å yte ein ubetalt innsats og dei som ønskjer å motta ein slik innsats.
- mobilisere og samordne frivillig aktivitet i tråd med frivilligsentralane sine føresetnader.
- tilrettelegge for møteplassar og vere ein ressursentral for frivillig arbeid i kommunen.
- bidra til samspel og samhandling mellom det frivillige og med andre einingar i kommunen.
- marknadsføre frivilligsentralane som ein ressurs og ein stad der det er tilbod om aktivitet og sosiale treff.
- bygge alliansar med sentrale aktørar.
- delta i planarbeid og på ulike fagsamlingar.
- vere sekretær for sentralane sitt styre.

§ 5 ÅRSMØTE

Fjord kommunestyre er årsmøte for frivilligsentralane.

Styret og andre med tilknytning til frivilligsentralane kan møte med talerett.

Årsmøte skal godkjenne årsmeldingar, rekneskap og velje styrerepresentantar frå det frivillige, samt valnemnd.

§ 6 STYRET

Styret består av 6 medlemmar, 2 medlemmar som er utnemnd av Fjord kommune og 4 representantar frå det frivillige, alle med personlege vararepresentantar.

Styremedlemmane frå eigar vert valde for heile kommunevalperioden.

Styrerepresentantar frå det frivillige blir valde for to år om gongen.

Ved oppstart vel ein 2 representantar for to år og 2 representantar for eitt år.

Styret konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar. Leiar kan kalle inn til ekstra styremøte. Møte skal kallast inn med ei veker varsel. Referat frå siste møte, sakliste og eventuelle sakspapir skal følgje innkallinga. Varamedlemmane får tilsendt saksdokument og møter etter nærare innkalling.

Styret skal:

- sjå til at sentralen sine formål blir følgde opp.
- ivareta sentralen sine interesser.
- vere ein støttespelar for dagleg leiar.
- bidra i arrangement av frivilligforum.
- vere kontaktskapande overfor innbyggjarane og samarbeidspartnarane i Fjord kommune.
- styret kan opprette komitear med bestemte oppdrag, skriftleg mandat skal då utarbeidast.

§ 7 FRIVILLIG FORUM

Frivilligsentralane skal arrangere eit årleg frivilligforum med frivillige lag og organisasjonar, der samhandling mellom det offentlege og det frivillige vert vektlagt. Frivilligforum kjem med forslag til styrerepresentantar frå det frivillige. Forslaget skal sendast til valnemnda.

§ 8 VALNEMND

Valnemnda skal ha to personar som vert vald for ein periode på to år. Valnemnda skal førebu val av medlemmar til styret for frivilligsentralane. Valnemnda kjem med framlegg på grunnlag av eiga vurdering og etter framlegg frå andre.

§ 9 DAGLEG LEIING

Daglege leiarar har ansvar for den daglege drifta av sentralane etter retningslinjer som er fastsett.

§ 10 ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av vedtektene vert gjort av Fjord kommune som eigar. Framlegg til endring leggst først fram for styret til uttale før endeleg vedtak kan skje.

§ 11 NEDLEGGING

Eventuell nedlegging av frivilligsentralane skal gjerast av eigar i forståing med styret.

